# Forskrift om tilsyn med bustader, Førde kommune, Sogn og Fjordane

**Heimel:** Fastsett av Førde bystyre 16. februar 2012 med heimel i lov 14.juni 2002 nr. 20 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver (brann- og eksplosjonsvernloven) § 13 fjerde ledd, jf. § 11 bokstav b.

***§1. Førermål***

Føremålet med forskrifta er å gjennomføre tilsyn i bustadhus for å førebyggje brann, samt med tanke på å redde liv og avgrense eventuelle branntilløp i bygningar som ikkje vert omfatta av føresegner om særskilde brannobjekt.

**§ 2. *Verkeområde***

Gjeld for alle bygningar som vert brukt til varige bustader.
Tilsynet oppfattar:

a) Tilsyn på fyringsanlegg, jf. § 7-2 i forskrift om brannforebyggende tiltak og tilsyn.
b) Tilsyn med varslingsanlegg, jf. § 2-5 i forskrift om brannforebyggende tiltak og tilsyn.
c) Tilsyn med sløkkjemiddel, jf. § 2-5 i forskrift om brannforebyggende tiltak og tilsyn.
d) Tilsyn med rømmingsvegar, jf. § 2-3 i forskrift om brannforebyggende tiltak og tilsyn.

**§ 3. *Gjennomføring av tilsyn***

Tilsyn med bygningane som nevnt i § 2 skal gjennomførast kvart 4. år.

Ved tilsynet skal det gjennomførast ein konkret vurdering av aktuelle tiltak. Der det vert avdekka tilhøve som bryt med reglane i § 2, skal dette skrivast som avvik i brannsynsrapporten.

**§ 4. *Pålegg***

Det kan gjevast pålegg om retting av avvik i høve til gjeldande lovgjeving eller gjennomføring av ytterligare sikringstiltak i medhald av brann- og eksplosjonsvernloven § 14.

Den myndighet som er lagt til bystyret vert delegert til rådmannen.

**§ 5. *Klage***

Vedtak etter denne forskrifta kan klagast på etter brann- og eksplosjonsvernloven § 41.
Klageinstans er klageutvalet.

**§ 6. *Iverksetting***

Forskrifta trer i kraft 1. mars 2012.